



Kristian Bringedal og det nye styret

**Kristian Bringedal vart ikveld attvald som leiar for Uskedal Utvikling under årsmøtet i Gamleskulen. Med seg i styret har han no Gunn Mari Moberg, Jan Erik Olsson, Egil Myhre og Henrik Lyse medan varamedlemmer er Ann Iren Sæle. Berit H.Døsland og Anne Sofie Feet.**

**Ein hovudpost under møtet var ein grundig orientering ved Tor Vidar Sæle om KVs vekst og utvikling der det kom fram at NAV stiller svært strenge krav til verksemda. Sidan Sæle overtok leiinga i 2007 har talet på tilsette auka frå 23 til 50 og han har som målsetting å fullføra nybygget.som vil få ei grunflate på 630 kvadratmeter og som også skal romme leilegheiter.**



Tor Vidar Sæle orienterte om KV

Av årsmeldinga gjekk det fram at kjellaren i Gamleskulen er prosjektert for byggjesteg 2 men leiinga har førebels ikkje bestemt korleis romma skal nyttast. Ein er open for gode idear om dette før ein går vidare med prosjektet og startar arbeidet med finansiering.

Ein viktig arbeidsoppgåve er å hjelpa til med næringsutvikling og her vert landbruket trukke fram som er ei vekstnæring i bygda med dyrking og nyskaping. Som bygd har vi eit samfunnsansvar når det gjeld å ta vare på matjorda, mest med sikte på framtidige generasjonar.

Eit anna viktig punkt er arbeidet for tilflyttarar og nye landsmenn, som må verta inkluderte og brukte, Arbeidet med sentrumsutvikling må halda fram og det må ryddast i strandsona, langs elva og langs hovudvegen. Arbeidet med ein sentrumsplan er ein prioritert oppgåve,

Saman med grunneigarane vil ein sjå kva som kan gjerast for å rusta opp den gamle bygdevegen til Rød. Trafikksikring for mjuke trafikantar omfatta veglys til gardsbarnehagen som no er på plass, men også fartsdempande tiltak fleire stader er på planen.

232 124 kroner er årsresultatet for UU.og årets budsjett har eit driftsresultat på 56450 kroner.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen